

# Årsmelding Oppedal/Brekke skyttarlag 2022

2022 vart som dei to åra før også prega av Covid-19 pandemien. Hausten 2021 og store delar av vintersesongen gjekk vekk pga smittevern tiltak. Når det så vart opna opp for aktivitet utpå vinteren, merka me som alle andre at det har vore tungt å komme tilbake på det aktivitetsnivået me hadde før pandemien. Dette er ikkje noko unikt for vårt lag, men noko ein ser i dei aller fleste skyttarlag og i andre lag og organisasjonar.

Likevel har me greid å halde ein god aktivitet gjennom året og har fått til mykje me kan sjå tilbake på og vere stolte av. Landskyttarstemna i Bodø vart eit av desse høgdepunkta. At me stilte med heile 22 skyttarar på LS var i utgangspunktet veldig bra i seg sjølv, og når ein summerar opp resultata vart dette nok eit fantastisk LS for laget. Med Elina Østerbø sine 2 NM titlar i skogsløp med skyting og Frode Solheim sin 2. plass i kl 2 på bana som dei største høgdepunkta.

Økonomien i laget er bra. Dette kjem vel med om me skal gå vidare med ny spelemiddelsøknad på å utvide opphaldsrommet på innandørsbana. Dette er estimert til ca 1,7 mil. Der me kan rekne med å få inntil 300 000 kr i spelemidlar og 150 000 i kommunale midlar og laget må bidra med ca 450 000,- Styret leverte søknad om spelemidlar til kommunen 15. Oktober.

På anleggssida har me oppgradert og fått installert solcellepanel med batteripakke på 200m standplass. Dette gjer til at me no er "sjølvforsynt" med straum på begge standplassar og kjellaren i skyttarhuset. Skal me ha i gang kjøkkenet og varmen lyt me framleis starte diesel aggregatet. Me vil takke Eviny, Birkeland Entreprenørforetning, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og HAFS Elektro & Rør for støtta til dette anlegget, totalt støtta dei med 80 000,-. Dette tener miljøet på ein god måte og gjer drifta av skytebana og treningskveldane enklare. No gjenstår det å få på plass vifte/avfuktar så me kan redusere problemet med rå luft i kjellaren i vintermånadane.

Av aktivitet var det gjennom vinteren og sommaren faste trening for rekrutt/junior. I vinter var det mellom 10-15 på kvar trening, ute nokre færre. I samband vintertreninga vart det gjennomført skyteskule for 10 nybegynnarar.

På korrespondanse skytinga stilte Rek/junior med to lag, desse to enda som nr 1 og 2. Siste runden inviterte me med Gula og Nybog til å skyte saman med oss som ein finale. Også i

senior greide me å stille med to lag, her vart A-laget slått på målstreken av Balestrand og enda på 2. plass medan B-laget kom på 4. plass.

I slutten av april var me arrangør av samlagstemna felt for Sogn Ytre. Feltstemne krev ein del mannskap å arrangere, men dette gjekk strålande. Finfelten gjekk på elektronikk medan grovfelt gjekk i området rundt skytebana. Totalt tok våre skyttarar 7 samlagstittlar i dette stemnet. Frode Solheim vart meister i kl 2-5 + V55 og EJ, Emil Svartemyr Virkesdal vann R, Simen Hjartholm Langhelle vann ER og Mathilde Wergeland vann J, Helge Årskaug kl 1, Magnus Oppedal vann kikkertklassen.

Helga etter samlagstemnet var det på`an igjen og arrangere Oppedalstemna. Deltakelsen var dårlegare enn tidlegare, men resultatane var heilt i toppen. Lise Margrethe Rinde vart vinnar kl 3-5 med 348p føre Lars Elling Haugsvær med 347p.

Lerum cup var endeleg tilbake i godt gammalt gjenge i mai. Her viste Emil Svartemyr Virkesdal storform og vann klasse R samanlagt. På Farnes skaut han 350 i for første gang i karriera og er med det medlem i 350 klubben.

Landsdelskretsstemna i bane og felt var i Førde og Holsen. Elina Østerbø vart landsdelsmeister i kl J på bane og nr to i felt.

Vestlandstemna i Hardanger vart også eit veldig bra stemne for våre skyttarar. Det me kjem til å hugse best var Oddlaug Ellingsen Årskaug på skive 1 i kl 3-5 med veldig gode 247p, det vart til slutt ein fin 5. plass. Frode Solheim vart vestlandsmeister kl 2 med 343p, vestlandsmeister vart også Helge Årskaug i kl 1. Mathilde Wergeland nr 2 i kl J, Emil Svartemyr Virkesdal nr 3 kl R, same plassering vart det på Christian Hjartholm Solheim i EJ.

I august var det endeleg duka for Landskyttarstemnet att. Denne gang i Bodø og me stillte med imponerande 22 skyttarar. Dette vart ei fantastisk veke der store og gode prestasjonar sto i kø for våre skyttarar.

I skogsløp med skyting held Elina Østerbø oppe "tradisjonen" med å hente heim NM tittlar. I år vart ho dobbelt meister då ho vann både sprint og normal øvelsen i kl Junior jenter. Dette var NM tittel nr 5 og 6 til Elina. I same klasse vart Mathilde Wergeland nr 3 på sprinten og nr 4 på normal distansen. Frode Solheim skaut seg til ein fantastisk flott 2. plass i klasse 2 på baneskyting. Dette er den første pallplassen me har hatt av ein seniorskyttar på LS. Frode vann også innleiande skyting i kl 2 på felten, enda til slutt på ein 6. plass med 38/2. Same plassering vart det på Christian Hjartholm Solheim i EJ felten med 40/2, totalt vart det ein 98

plass i meisterskapet. Oddlaug Ellingsen Årskaug kom også til finalen i felten med 29 treff, med 11 treff i finale enda ho på 106. plass.

På lagskytinga for skyttarlag vart det ein sterk 10. plass med 393p, berre 2 poeng bak 2. plassen. På laget skaut Mathilde Wergeland (96), Lena Marie Haugsvær (100), Arild Wergeland (98), Lars Elling Haugsvær (99).

Lene Marie Haugsvær skaut 30 treff på felten og hadde skive 7 i felt finalen, 10 treff der gav ein 43.plass. Finale vart det også på Mathilde Wergeland kl J på bane.

Lars Elling Haugsvær gjorde det veldig spennande då han nok ein gang var nære kongelaget. Etter opning på 148p vart det 96p på grunnlegat og 244p som var to poeng unna Kongelaget i år. Med dette resultatet låg han på skive 2 i Normalaget, med 97 på omgangen enda han på ein 6. plass

Torgeir Haugsvær debuterte på felthurtig med 8,70 sek, med det vart han nest beste EJ.

LDK Felt her vart Emil Svartemyr Virkesdal landsdelskretsmeister i kl R. Medan Elina Østerbø bann bana i kl J.

Jaktutvalet har stått for arrangering av ei jaktfeltskyting samt oppskytinga til storviltprøven.

I vår leigde me ut skytebaneområdet vårt på Oppedal til Heimevernet i ei lita veke. Dette gir oss ei lita leigeinntekt på bana.

### **Lagsmeisterskap Felt**

Rekrutt: Emil Svartemyr Virkesdal 30/25

Eldre Rekrutt: Simen Hjartholm Langhelle 30/18

Junior: Mathilde Håvåg Wergeland 30/22

V65: Bjørnar Vik 30/26

V73: Steinar Østerbø 26/12

Kl 2-5: Frode Solheim 40/3

Kl 1: Helge Årskaug 21/7

Kikkertklassen: Magnus Oppedal 12/3

### **Lagsmeisterskap Bane**

Rekrutt: Emil Svartemyr Virkesdal 343  
Eldre Rekrutt: Lena Marie Haugsvær 347  
Junior: Mathilde Wergeland 345  
V65: Bjørnar Vik 346  
V73: Steinar Østerbø 331  
Klasse 1: Helge Årskaug 241  
Klasse 2: Frode Solheim 341  
K1 3-5: Oddlaug Årskaug 343

### **Lagsmeisterskap 15m**

Klasse

K13-5: Lars Elling Haugsvær 346  
K1 2: Ida Marie Færøy 338  
V65: Bjørnar Vik 338  
V73: Steinar Østerbø 328  
Junior: Mathilde Wergeland 339  
ER: Simen Hjartholm Langhelle 340  
R: Emil Svartemyr Virkesdal 339

Me har 266 medlemmer, av desse 76 stk 25 år og yngre. Dette er ein oppgang i medlemmar frå 2021 på 5 medlemmar.

Etter nokre amputerte sesongar pga pandemien, er det utruleg viktig å få opp att aktiviteten og får med nye og gamle skyttarar gjennom vinteren. Når ein ser på stemnedeltakinga og spesielt i dei yngste klassane på opne stemner rundt om er det urovekkande å sjå kor stort fråfallet har vore dei siste åra. LS2023 er på Voss, dette må vere eit mål for mange å sikte mot i sesongen som kjem. Ser ein 10 år tilbake til Voss 2012 var det eigentleg her den fantastiske 10 årsperioden laget har hatt starta, med mange nye som var med på sitt første LS og Benedikte Oppedal på skive 1 i feltfinalen... No er det kan hende på tide med ein liten omstart og mobilisere på nytt mot Voss og få med flest mogeleg framover. Gjennom søknad til frifond i sommar har me i haust vorte tildelt kr 43 000,- til prosjektet "Få skyttarmiljøet tilbake slik det var før korona". Desse midlane må styret og ungdomsutvalet legge ein god plan for i haust.

Styret har vore samansett slik i 2022:

Arild Wergeland, leiar

Bjørn Ingvar Oppedal, kasserar

Frode Solheim, nestleiar

Trond Asheim, styremedlem

Bjørnar Vik, styremedlem

Gunn Haugsdal Asheim, ungdomsutvalet.

Det er halde 3 styremøter og styret har hatt ein del kontakt i messenger gruppe.

Leiar

Arild Wergeland